



FISKERIDIREKTORATET

Nærings og fiskeridepartementet

Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Saksbehandler: Elisabeth Borthen

Telefon: 97586908

Seksjon: Reguleringsseksjonen

Vår referanse: 14/8110

Deres referanse:

Vår dato: 06.08.2014

Deres dato:

Att:

ENDRING AV ORDNINGA MED UNDERVISNINGSKVOTAR - LÆRLINGEKVOTE

Ein viser til brev fra Nærings og fiskeridepartementet av 10.06.2014 om
"Høyringsbrev – endring av ordninga med undervisningskvoter – lærlingekvoter."

Nærings og fiskeridepartementet foreslår endringar i undervisningskvotene ved også å innføre ei lærlingekvote. Målet er å gjere rekrutteringa til fiskerinæringa betre, og sikre at sjømatnæringa trekkjer til seg den kompetansen og erfaringa det er behov for.

Fiskeridirektoratet vil poengtere følgjande:

Ordninga med undervisningskvoter synes å ha breid støtte, ettersom det er eit viktig tiltak for å rekruttera ungdommer til havressursyrket. Elevmassen er ganske konstant, sjølv om ein ser små variasjoner frå år til år. Dei fleste skulane nyttar eigne fartøy, ofte i kombinasjon av leigefartøy i pelagisk fiske. Det er den einskilde skule som inngår avtale om leigefartøy, den einskilde fylkeskommune deltar ikkje i denne prosessen. Det har vore naudsynt å setja som eit særskilt vilkår at det er elever med om bord når det vert fiska undervisningskvoter.

Undervisningskvoter slik ordningen er i dag, vert tildelt den einskilde videregående skule (institusjon) som subjekt, det er skulen som er ansvarleg for at desse kvotane vert teken i samsvar med dei vilkår som vert gjevne i vedtak frå Fylkeskommunen. Det er berre skular med Vg1 Naturbruk og Vg2 Fiske og Fangst som kvalifiserer til undervisningskvoter.

Det har i lengre tid vore poengtert at det ville vera positivt om ein også kunne få såkalla lærlingekvoter, då det kunne gjera det lettare å få ein praksisplass for dei som ønskjer å gå vidare med utdanninga.

Den ein-skilde skule er etter Vg1 og Vg2 ikkje lenger ansvarlig for eleven, det er eleven som i samarbeid med fylkeskommunen tegner lærlingekontrakt med rederi/bedrift, og fylkeskommunen er ansvarlig for eleven.

Lærlingekvoter vert ei påbygging til dei ordinære undervisningskvotane, og subjektet vert flytta frå institusjon (undervisningskvoter) til den enkelte elev (lærlingekvoter). Eit poeng her er at det er Fylkeskommunen som tildeler undervisningskvoter, og det er fylkeskommunen som er ansvarleg for lærlingekontrakt mellom bedrift og elev.

Fiskeridirektoratet arbeider for tida med ei omlegging av kvotesystemet, og slik vi ser det er det ingen tekniske problem med å etablere ein ordning med lærlingekvote der kvoten vert tildelt ut frå kjenneteikna 11-sifra person nummer, eintydig fartøyidentifikasjon, tidsperiode, fiskeslag og kvantum.

Vi vil presisera:

Ved levering av fangst via sluttsetel må setel merkast med lærlingekvote, 11-sifra personnummer på lærling og registreringsmerke på fartøy. Dette impliserar at "lærlingekvote" som kvotetype må etablerast av direktoratet og i leveringssystema hos salslaga. I tillegg må sluttsetlar splittast slik at fartøyets ordinære kvote kjem på ein sluttsetel og lærlingekvota på ein annan.

Dersom ein lærling nyttar tildelt lærlingekvote på fleire fartøy må dette tidsperiodiserast korrekt.

Direktoratet arbeider for tida med ein omlegging av kvotesystemet og vil truleg ikkje kunne ha på plass ein teknisk løysing av lærlingeordninga før hausten 2015.

Ein eventuell avsetjing av kvote vil kunne fastsetjast i reguleringsmøte i november, og kvantum vil etter vårt syn måtte aukast til formålet lærlingekvoter. Dersom det vert stort fråfall og kvoten ikkje vert nytta bør restkvantum fordelast på flåten. Men det bør påreknast ei aukning i kvote til undervisning- og lærlingekvoter.

Fiskeridirektoratet stiller seg positiv til lærlingekvoter, og meiner at ein bør skilja mellom undervisningskvoter og lærlingekvoter. Avsetjing av lærlingekvoter vert vurdert i Reguleringsmøtet i november slik at det auka uttaket av totalkvota gjeld frå januar 2015. Det vert avsett årlige lærlingekvoter der kvoten følgjer eleven, medan undervisningskvoter vert tildelt institusjonen (videregående skulen).



Stein-Åge Johnsen
seksjonssjef



Elisabeth Borthen
seniorkonsulent

Mottakerliste:

Nærings og fiskeridepartementet

0032 OSLO

Kopi til:

Liv Holmefjord

Aksel Eikemo

Stein-Åge Johnsen

Grethe Aa. Kuhnle

John-Erik Ågotnes

Trond Ottemo

Terje Halsteinsen